

Deltaking i prøveordning - tilgang til opplysningar på helsenorge.no for ungdom mellom 12 og 16 år

Innleiing

Det er i dag ikkje mogleg for ungdom i aldersgruppa 12-16 år å ta i bruk innlogga teneste på helsenorge.no. I samband med prøveordning for overgangsløp for ungdomsmedisin, ønskjer Helse Bergen å gi ungdom i denne aldersgruppa tilgang til utvalde teneste på helsenorge.no. Tilgang til utvalde digitale teneste er ein nødvendig føresetnad for ei vellykka gjennomføring av prøveordninga.

Regelverket

Hovudregelen er at foreldre har innsynsrett i barnet sine personlege helseopplysningar fram til barnet fyller 16 år. Er barnet mellom 12 og 16 år skal opplysningar likevel ikkje gis foreldre dersom barnet ikkje ønskjer det, og helsepersonellet vurderer at det er grunnar til dette som bør respekterast. Per i dag er det derfor ingen teneste tilgjengeleg på helsenorge.no på vegne av denne aldersgruppa.

Dersom barnet ditt blir med i prøveordninga vil barnet *sjølv* få tilgang til helseopplysningar i utvalde teneste via Min helse når det er mellom 12 og 16 år. Dersom foreldre ønskjer ein oversikt over kva som er registrert om barn mellom 12 og 16 år, må dei kontakte aktuell avdeling.

Målsetning

Prøveordninga støtter opp under målet til Helse Bergen om at ungdom gradvis skal bli meir sjølvstendige i dialogen med sjukehuset, og at dei mellom 12 og 16 år får høve til å velje kva informasjonskanal dei vil bruke. Ungdomsrådet i Helse Bergen har også dette som eit satsingsområde. Det å legge til rette for digitale teneste for ungdom, er elles i tråd med regjeringa sin strategi for ungdomshelse 2016 – 2021.

Prøveordninga skal bidra til erfaringar om:

- korleis løysinga fungerer for barn og unge
- korleis løysinga fungerer for helsepersonell

Samtykke

Dette samtykket inneber at foreldre og barnet samtykker til at vi sender barnets personnummer til helsenorge.no, slik at dei kan opne for tilgang til helseopplysningar om barnet på nett dersom foreldra ved fyrstegangs-pålogging på helsenorge.no samtykker til dette. I første omgang vil det bli opna for at barnet kan sjå timeavtalar, tilvisingar, reseptar, kva helsepersonell barnet har kontakt med på sjukehuset og eventuelle meldingar. Det kan bli aktuelt å utvide denne tenesta slik at meir informasjon blir tilgjengeleg på helsenorge.no. Føresette vil bli informert om slike endringar.

Vi ber om at de snakkar med barnet og gjer ei vurdering av om barnet er modent til å ta eit større ansvar for eiga behandling. Det understrekast at timeavtalar og anna viktig informasjon vil bli sendt føresette fram til barnet er 16 år, sjølv om ein samtykker til å vere med på dette prosjektet. Målet med prosjektet er å legge til rette for at barnet gradvis blir meir sjølvstendig i oppfølging av eiga helse og den helsehjelp som blir gitt i sjukehuset.

Praktiske opplysningar

Det vil ta opp til to veker frå vi mottar dette skjemaet i retur, til det vil vere mogleg for foreldra å samtykke på helsenorge.no til at barnet sjølv kan logge inn på plattformen. De vil bli orientert per SMS når det er mogleg å logge seg inn på nettløysinga.

Skjema for samtykke til deltaking i prøveordning - ungdom mellom 12 og 16 år OBS: Nytt samtykke må innhentast når ungdommen er 16 år		
Prosjekt Overgangsforløp for ungdomsmedisin		
Prosjektleiars namn Elisabeth Nørvåg	Klinikk/avdeling Personalavdelinga/prosjekt ungdomsmedisin	
Deltaking i prøveordninga er frivillig. Dersom du og dine foreldre samtykker på dette skjemaet vil ditt personnummer bli sendt til helsenorge.no slik at det kan bli opna for tilgang til utvalde digitale helseteneste.		
Om du og dine foreldre seier ja til å delta, kan de seinare når som helst og utan å gi nokon grunn, trekke tilbake samtykket utan at det påverkar resten av di behandling. Dersom du seinare ønskjer å trekke deg eller har spørsmål om prosjektet, kan du kontakte prosjektleiar.		
Eg har lyst til å delta i prosjektet som inneber at eg får tilgang til opplysningar om meg på nett, og ønskjer at mitt personnummer skal sendast over til helsenorge.no		
Namn med blokkbokstavar		Fødselsnummer (11 siffer)
Dato	Underskrift	
Føresette samtykker med dette til at mitt barns personnummer sendast til helsenorge.no slik at barnet kan få tilgang til utvalde helsetenester på nett.		
Dato	Føresette si underskrift	Rolle (mor/far/verje)
Fylles ut av helsepersonell som har gjort ei modnadsvurdering av pasienten		
Eg bekreftar å ha gitt informasjon om prøveordninga:		
Dato	Underskrift	Namn med blokkbokstavar
Eventuelle kommentarar:		